

Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)
c/o Bergen Byarkiv
Pb 7700
5020 Bergen
e-post: postmottak@llp.no

Kulturdepartementet
Postboks 830 Dep
0030 Oslo
e-post: postmottak@kud.dep.no

Bergen 15.06.2015

Sterk bekymring vedkomande utviklingsoppgåvene for arkiv

Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP) er sterkt bekymra for prosessen kring utviklingsoppgåvene for arkivfeltet i samband med den gjennomførte overføringa av oppgåvene frå Kulturrådet til Arkivverket i 2015. I tillegg er LLP sterkt bekymra for dei store kutta som støtteordninga for arkivsektoren no har vore gjenstand for.

Det har dei siste to åra vore ein kraftig tilbakegang i løyvingar til utviklingsmidlar for sektoren. Denne tilbakegangen har først og fremst vore prega av uklår og lite informasjon frå styresmaktene når det gjeld å kommunisere kva som er ønskja og planlagt arkivpolitikk. Samstundes som utviklingsoppgåvene er oppretthaldt, er dei økonomiske tilføringane vedrørande utviklingsoppgåver til sektoren gradvis og kraftig reduserte. Dette sender eit kraftig og ikkje minst bekymringsverdig signal som verken departementet eller sektoren er tent med. LLP ber departementet om å bidra med informasjon om kva vurderingar som er lagt til grunn for denne utviklinga.

LLP er også svært bekymra for situasjonen kring støtteordninga for privatarkiv og at denne for framtida skal vere reservert museumssektoren. LLP har også uttalt støtte frå Norges Museumsforbund i at ordninga bør vere gjeldande for både arkiv- og museumssektoren. Det er her all grunn til å presisere at det først og fremst er arkivsektoren som har flest oppgåver knytt til innsamling, bevaring og tilgjengeleggjering av privatarkiva. Det er også i arkivsektoren hovedtyngda av den arkivfaglege kompetansen ligg. Museumssektoren vil tene sterkt på, og ønskjer i dette arbeidet, å vere knytt til denne kompetansen.

I samband med dette vil LLP få minne om at når støtteordninga for privatarkiv blei oppretta i 2010, så var det blant anna føringar om at ordninga skulle brukast til å sikre bevaring av fleire bedriftsarkiv. I St. prp 1, 2009-2010, programkategori 0820 står det å lese følgjande:

«Kartleggingen viser bl.a. at bevarte og tilgjengelige arkiv i for liten grad representerer en helhetlig og representativ samfunnsdokumentasjon. Viktige samfunnssektorer er for svakt dokumentert og det er store regionale skjevheter. Det er bl.a. sikret for lite materiale fra de større bedriftsarkivene og det er gjort lite med sikte på å kunne ta hånd om elektroniske privatarkiver. I budsjettforslaget for 2010 er det foreslått å opprette en tilskuddsordning for privatarkiver som skal avhjelpe denne situasjonen.»

For å sikre at føringane fra Stortinget vart tekne vare på må støtteordninga gjelde både museums- og arkivsektoren.

Me vil gjerne be om å få vite kva som er det faglege grunnlaget departementet støttar seg på når det er vedteke å utelate arkivsektoren frå denne viktige ordninga.

Samla støtte for utviklingsoppgåvene og støtteordninga for privatarkiv hadde i 2012 nådd over 9 millionar årlege kroner. To millionar kroner var øyremerkja støtteordninga for privatarkiv. Det har i tillegg blitt vedteke ekstra løyvingar i privatarkivordninga, slik at desse utgjorde over tre millionar kroner årleg. I 2013 og 2014 vart arkivutviklingsmidlane kraftig redusert og ser no ut til å vere redusert med fem millionar kroner utan at denne reduksjonen er grunngjeven frå departementet si side, og utan at grunnlaget for reduksjonen er kommunisert ut til sektoren. Post 77 på statsbudsjettet vart i 2014 redusert med 7 millionar kroner, ein reduksjon som stort sett berørde arkivsektoren.

Me minner også om at det var LLP som var pådrivar for å få starta opp støtteordninga for privatarkiv i 2010. Støtteordninga blei oppretta ut frå ei fagleg vurdering i arkivsektoren om utfordringar knytt til arbeidet med å sikre og bevare arkiv frå privat sektor. Det sterke behovet for midlar til privatarkivarbeid er og spegla gjennom dei særskilte søknadene til privatarkiv i årets utlysing av utviklingsmidlar (2015). Der er det søkt om støtte for omlag 8 millionar kroner til privatarkivarbeid, nesten halvparten av den totale søkesummen.

LLP vil med dette be om at departementet gjenopprettar dei økonomiske løyvingane for utviklingsoppgåvene for arkiv på same nivå som i 2012 med ni millionar kroner årleg til arkivutviklingsoppgåver. Me ber og om at det for framtida vert opna for at arkivsektoren igjen får benytte seg av løyvingane til støtteordninga for privatarkiv. Det er eit sterkt behov i sektoren for økonomisk føreseielegheit og for ein tydeleg uttalt arkivpolitikk frå styresmaktene si side. Me ber departementet om å bidra til dette.

LLP bidreg gjerne med faglege råd og tydeleggjering av sektoren sine behov i utviklingsarbeidet. I denne samanheng vil LLP be om eit snarleg møte med departementet, og me ber om ei tilbakemelding på dette så snart som mogeleg.

Med helsing,

Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)

Tom Oddby (s)
Styreleiar